

## GRUPPEÅRSMØTE TRIMGRUPPA I HAREID IL TORSDAG 16. FEBRUAR 2023

Tilstades: Bernhard Harkjerr, Andreas Moldskred, Leiv Arne Grimstad, Gunn Bente Drevland og Hildegunn Thomassen.

Gunn Bente Drevland vart vald til møteleiar.

Leiv Arne Grimstad vart vald til referent.

Til å skrive under møtereferatet vart møteleiar og Andreas Moldskred valde.

Årsmelding for arbeidsåret 2022 vart lagt fram av skrivars Leiv Arne Grimstad - og godkjent.

Gunn Bente Drevland refererte den framlagde rekneskapen. Årsmøtet kommenterte at det var vanskeleg å tolke dei enkelte rekneskapskontoane. Rekneskapen vart levert seinst før gruppeårsmøtet og vi har ikkje sett bilaga. Det kunne vere ønskeleg med ei bilagsliste. Vi etterlyser også renteinntekter på eit så stort bankinnskot som trimgruppa har (kr. 222.136,00).

Bernhard Harkjerr la fram eit budsjett for arbeidsåret 2023 med inntekter på kr. 30.200 og utgifter på kr. 30.400.

### VAL AV NYTT STYRE OG VALNEMND:

Det vart attval over heile linja, slik:

Bernhard Harkjerr, leiar (ikkje på val)

Gunn Bente Drevland, nestleiar (ikkje på val)

Leiv Arne Grimstad, skrivars, 2 nye år

Lisbeth Hareide Longva, styremedlem (ikkje på val)

Andreas Moldskred, styremedlem (ikkje på val)

Hildegunn Thomassen, styremedlem, 2 nye år

Varafolk:

Irene Fjelle (ikkje på val)

Odd Elvanes, 2 nye år

Valnemnd:

Leiv Arne Grimstad 1 år, Hildegunn Thomassen 2 år

## ÅRSmelding for trimgruppa i Hareid IL - arbeidsåret 2023

**Møteaktivitet:** I løpet av arbeidsåret har det vore halde 6 styremøte + gruppeårsmøte og premiemøte for fjelltrimmen.

Arbeidsåret starta med eit møte **19. januar** der førebuing til årsmøtet 10. februar var hovudsak.

Etter gruppeårsmøtet var første styremøte **9. mars** der planlegginga av fjelltrimmen var hovudsak. Det vart peila ut 25 postar til den 34. fjelltrimmen vår.

**20. april** heldt styret eit møte der vi fordele ansvaret for utplasseringa av fjelltrimskilta + dei vanlege tinga som pressemelding, annonsering, ferdigstilling av kart og utplassering i butikkane. Publikum kunne kjøpe dei første karta laurdag 29. april. Pris per kart som før: kr. 100. Vi jobba også ein del med nymaling av skilt. I same møtet godkjende styret den skiltingsplanen som Andreas Moldskred hadde utarbeidd, ein plan som omfatta 14 skilt totalt. Kvart skilt kostar kr. 850 inkl. moms. Kostnaden var innarbeidd i budsjettet.

I dette møte kunne elles leiaren opplyse at vi endeleg har fått eit kontonummer av kommunen, slik at vi kan overføre dei 100.00,- kronene vi har løyvt til Tufteparken.

I styremøte **11. mai** kom det fram at vi har fått ein del kritikk for at karta i år er for grove. For å bøte på dette hadde gruppeleiar Bernhard lagt ut eit kart av gamal type på facebooksida vår. I dette møtet skulle vi elles avklare eit eventuelt innslag under "Opplev Hareid" 10.-13. august. Bl. a. har det vore snakk om ein tur til Håbakkslet eller Grimstadselet, men denne vart utsett til eit anna år.

Med dette var gruppa sin hovudaktivitet godt i gang. Neste oppgåve var å stille folk til friluftsgudstenesta i Alskleiva 27. august. Der deltok Leiv Arne og Andreas med lodd og gevinstar. Brubart vær og god oppslutning.

Det var også ymta frampå om å arrangere "Den store styrkeprøva" Eiksund-Alskleiva-Korshamn i år, men det vart ikkje noko av.

Mandag **25. september** vart gruppestyret kalla inntil eit ekstraordinært møte der lagsleiar Olav Sindre Rise orienterte om laget sin økonomiske situasjon. Styret tok orienteringa til vitende og vedtok i same møte å flytte premiefesten for fjellorienteringa fram frå torsdag 16. til onsdag 15. november kl. 18.

Onsdag **8. november** heldt styret førebuande møte til premiefesten for fjelltrimmen. Her kom det fram at det var selt 269 kart i år - ein liten nedgang frå året før. Av desse var 154 innleverte til registrering og premierung. Nokre få klipper ut og leverer berre den vesle talongen, slik at vi må lage eit "blindkart" i A3-format til uttrekkinga av dei 6 gávekorta. Vi konstaterer at nedgangen dei siste åra for ein stor del skuldast det fylkesomfattande Stikk-Ut-opplegget. Til møtet hadde statistikkføraren elles laga eit oppsett over kor mange fjelltrim-deltakarar vi har i dei ulike aldersgruppene, basert på årets innleverte kart:

0-15 år: 28

16-40 år: 18

41-70 år: 70

71 år +: 36

Styret drøfta korleis ein kunne få med fleire unge. Tiltak overfor skulane kan vere noko å sjå på.

Premielista i den 34. fjelltrimmen vart som følgjer:

**Krystallar:**

7 A-PREMIAR: Robin Slettevoll, Vilde Slettevoll, Tobias Jonsrud Rise, Alida Jonsrud Rise, Leander Jonsrud Rise, Jørund Vatne Eriksen, Dorthea Midtflo Moldskred.

21 B-PREMIAR: Olav Hjørungdal Pilskog, Marcel Knop, Johan Lien Kleppe, Nikolai Lien Kleppe, David Levi Karlsen, Mia Hoddevik, Cassandra B. Hjelmtveit, Ian Birkhol Hjelmtveit, Theo Dimmen Haraldsvik, Vivian Gierzs, Dennis Dimmen Furseth, Erling Vatne Eriksen, Ingebjørg Vatne Eriksen, Sigrun Brandal Drevland, Johanna Leirbekk Husøy, Kine Leirbekk Husøy, Oscar Leirbekk Husøy, Andreas Midtflo Moldskred, Aslak Ringstad-Moldskred, Olai Ringstad-Moldskred, Benjamin Kleppe-Rognes.

**Pokalar:**

30 ÅR (1): Bjørg Mong Korsnes.

25 ÅR (2): Lidvar Hovden, Andreas Moldskred.

20 ÅR (3): Einar Orten Trovåg, Sølv A. Mork Hauge, Eldar Indreflø.

15 ÅR (9): Torill Åker, Lars Bjørn Teige, Henriette Sunde, Sunniva Holstad Sivertsen, Kenneth Muren, Karen Margrete og Jon Kåre Mork, Tor Håbakk, Oda Renate Midtflo, Irene Fjelle.

10 ÅR (8): Elisabeth Riise Pedersen, Kari Garnes, Else Bakke Elvanes, Siw-Monica Brandal, Lena Bakkejord, Kristin Leirbekk Husøy, Lisbeth Brandal, Kirsti Skinnes.

5 ÅR (7): Ann-Magritt og Olav Bjåstad Vikebakk, Vilde Slettevoll, Robin Slettevoll, Marit Pilskog, Theo Dimmen Haraldsvik, Otto Per Gjerde, Catrin Elvanes,

**Gávekortvinnrar (500 kr per kort):**

Gunn Berit Gjerde, Andreas Midtflo-Moldskred, Dorthe Midtflo-Moldskred, Lidvar Hovden, Oda Renate Midtflo, Bjørg Mong Korsnes.

**Ymse:**

Trimgruppa har hatt liggande ei bok i torvløa ved Rotarystien. Det viser seg at så mange som 296 personar har skrive namna sine der i år. Dette kan vere eit tilbod til dei som ikkje kjem seg så langt og høgt opp i bakkane.

LAG, skrivar